



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak:13/296-4

Løpenummer: 13/5895

Utval: Utval for plan og miljø

Møtestad: Kommunesetnet

Møtedato: 26.09.2013

Tid: 14:00 – 19:30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 17.09.2013.

Møtet vart kunngjort i ei avis, og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Anne Martinsen, Krf

Gustav Folkestad, V

Hans Ekeberg, Ap

Stina Kvåle Bergesen, Krf

Haldor Tuft, Sp

Roger Hoel, Frp

Aud May Boge, H

Steinar Berland, Sp

Forfall og møtande varamedlemar:

Marianne Borge (Sp) hadde forfall. For henne møtte Roald Samnøy (Krf) som vararepresentant.

Inhabilitet:

Gustav Folkestad var ugild i sak 53/13. For han møtte Atle Fjelltveit (SV) som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Ass. rådmann Hege S. Samland, avd.ing Kjetil Koldal (synfaringane), landbrukskonsulent Jorunn Kårvatn (sakene 048/13, 049/13 og 050/13 m/ synfaringane) og Inge Kaldestad.

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Synfaringar:

Det var synfaring i sakene 048/13, 049/13, 050/13 og 054/13.

Anne Martinsen leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Anne Martinsen
Leiar

Inge Kaldestad

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
045/13	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 06.06.2013
046/13	DELEGERTE SAKER
047/13	SKRIV OG MELDINGER
048/13	GBNR. 89/3, LEGLAND: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT RUNDT VÅNINGSHUS OG DRIFTSBYGNING. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
049/13	GBNR. 86/2, VIK LILLE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 188/12.
050/13	GBNR. 28/1, BAKKE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 046/13.
051/13	GBNR. 84/6, TUFT: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
052/13	GBNR. 39/2, LILLELI: SØKNAD OM FRÅDELING AV TO NAUSTTOMTER. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.
053/13	QUATRO LAKS AS: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDEL TIL KOMMUNEPLAN FOR FLYTTING AV ANLEGG VED SKÅTAKLUBBEN. NY HANDSAMING ETTER HØYRING.
054/13	GBFNR. 15/9/4, ÅDLAND: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR BYGGING AV TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD. NY HANDSAMING ETTER NABOKLAGE.
055/13	KOMMUNEPLANENS AREALDEL - REVIDERT FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM
056/13	RULLERING AV TRAFIKKSIKRINGSPLAN

**045/13: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
06.06.2013**

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokoll frå møtet 06.06.2013

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

UPM-045/13 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 06.06.2013 vart samrøystes godkjent

.....

.

046/13: DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

UPM-046/13 VEDTAK:

Delegerte saker vart samrøystes teke til følgje.

.....

047/13: SKRIV OG MELDINGER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

UPM-047/13 VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

**048/13: GBNR. 89/3, LEGLAND: SØKNAD OM FRÅDELING AV
BUSTADTOMT RUNDT VÅNINGSHUS OG DRIFTSBYGNING.
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 89/3, Legland, ei bustadtomt på inntil 5 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Frådeling skal skje i samsvar med lover og føresegner.
3. Vilkår for omdisponeringa frå landbrukskontor skal etterkomast.

Fusa kommune gjev løyve til auka bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova, §§ 9 og 12 i jordlova og §§ 40 – 43 i veglova.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Det var synfaring i saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UPM-048/13 VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 89/3, Legland, ei bustadtomt på inntil 5 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Høyringsinstansane må ikkje ha merknad til dispensasjonssøknaden. Kjem det merknad, må saka handsamast på nytt av Utval for plan og miljø.
2. Frådeling skal skje i samsvar med lover og føresegner.
3. Vilkår for omdisponeringa frå landbrukskontor skal etterkomast.

Fusa kommune gjev løyve til auka bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova, §§ 9 og 12 i jordlova og §§ 40 – 43 i veglova.

049/13: GBNR. 86/2, VIK LILLE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 188/12.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune meiner det ikkje kjem fram nye opplysningar i klage som gjer at delegert vedtak skal gjerast om og held på vedtak i saknr. DS 188/12, som lyder:

Fusa kommune avslår søknad om frådeling av bustadtomt frå gbnr. 86/2, Vik lille, som omsøkt.

Grunngjeving for avslag er at arealet ikkje kan omdisponerast etter jordlova og at overordna plan viser LNF-område med bygge- og delingsforbod.

Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan og jordlova § 12.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Det var synfaring i saka.

Felles framlegg frå Frp, H, Ap og Sp:

”Innstillar på å godkjenne søknaden. Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dele i frå gbnr 86/2 bustadtomtsom omsøkt. Hensynet til bosetning er ikke tilstrekkelig vektlagt tidligere.

Jordlova, sist endret 2013.06.14 - § 12, 4. avsnitt:

”Sjølvs om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.”

Viser til jordlovas formåls § 1.”

Framlegget fekk 5 røyster, Roger Hoel (Frp), Steinar Berland (H), Aud-May Boge (H), Hans Ekeberg (Ap) og Haldor Tuft (Sp) og vart vedteke.

Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster.

UPM-049/13 VEDTAK:

Innstillar på å godkjenne søknaden. Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dele i frå gbnr 86/2 bustadtomtsom omsøkt. Hensynet til bosetning er ikke tilstrekkelig vektlagt tidligere.

Jordlova, sist endret 2013.06.14 - § 12, 4. avsnitt:

”Sjølvs om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.”

Viser til jordlovas formåls § 1.

050/13: GBNR. 28/1, BAKKE: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. KLAGE PÅ AVSLAG I DELEGERT SAKNR. 046/13.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune viser til uttale etter jordlova som viser til at klage ikkje inneheld nye moment og avslår søknad om å dela ifrå gbnr. 28/1, Bakke, ei bustadtomt, som omsøkt. Søknaden kan ikkje godkjennast ut ifrå dei krav som jordlova er sett til å ivareta, jamvel om søknaden er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Jordlova er ei særlov som skal høyrast i alle frådelingssaker. Det vert vist til landbrukskontoret sine uttaler. Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i § 20-1 i plan- og bygningslova og §§ 9 og 12 i jordlova.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Det var synfaring i saka.

Felles framlegg frå Frp, H, Ap og Sp:

”Klage på avslag i delegert saknr 046/13 vert omgjort. Ved å plassera tomten nærare nabo i nordvest, vert det minimal belastning/ bruk av dyrka mark. Tomten må ikkje overstiga 1,0 mål.

Me legg avgjerande vekt på busetjing i området som i arealdelen opnar for spreidd busetnad.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

UPM-050/13 VEDTAK:

Klage på avslag i delegert saknr 046/13 vert omgjort. Ved å plassera tomten nærare nabo i nordvest, vert det minimal belastning/ bruk av dyrka mark. Tomten må ikkje overstiga 1,0 mål.

Me legg avgjerande vekt på busetjing i området som i arealdelen opnar for spreidd busetnad.

051/13: GBNR. 84/6, TUFT: SØKNAD OM FRÅDELING AV BUSTADTOMT. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 84/6, Tuft, ei bustadtomt på ca 1 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Vilkår sett av Statens vegvesen skal etterkomast.
3. Det skal gjerast greie for val av avlaupsløysing seinast ved søknad om byggeløyve.

Vedtak er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UPM-051/13 VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 84/6, Tuft, ei bustadtomt på ca 1 dekar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
2. Vilkår sett av Statens vegvesen skal etterkomast.
3. Det skal gjerast greie for val av avlaupsløysing seinast ved søknad om byggeløyve.

Vedtaket er gjort med heimel i §§ 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

052/13: GBNR. 39/2, LILLELI: SØKNAD OM FRÅDELING AV TO NAUSTTOMTER. DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 39/2, Lilleli, to nausttomter på inntil 50 m² kvar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samband med gjeldande lover og føresegner.
2. Naust på tomtane skal vera vanlege smånaust på inntil 40 m² kvar.

Vedtaket er gjort med heimel i § 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Framlegg frå Anne Martinsen (Krf):

”Fusa kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplanen og gjev ikkje løyve til å dela frå 39/2 Lilleli, to nausttomter på 50m² kvar.

Eventuell frådeling må koma som innspel i samband med handsaming av strandsoneplan og rullering av arealplan.

Vedtaket er gjort med heimel i arealplanen for Fusa kommune.”

Framlegget frå fekk 4 røyster, Anne Martinsen (Krf), Stina Bergesen (Krf), Roald Samnøy (Krf) og Gustav Folkestad (V).

Framlegget frå rådmannen fekk 5 røyster og vart vedteke.

UPM-052/13 VEDTAK:

Fusa kommune gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplan og gjev løyve til å dela ifrå gbnr. 39/2, Lilleli, to nausttomter på inntil 50 m² kvar, på fylgjande vilkår:

1. Frådeling skal skje i samband med gjeldande lover og føresegner.
2. Naust på tomtane skal vera vanlege smånaust på inntil 40 m² kvar.

Vedtaket er gjort med heimel i § 19-2 og 20-1 i plan- og bygningslova og § 12 i jordlova.

053/13: QUATRO LAKS AS: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDEL TIL KOMMUNEPLAN FOR FLYTTING AV ANLEGG VED SKÅTAKLUBBEN. NY HANDSAMING ETTER HØYRING.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan for flytting av Quatro Laks AS sitt oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben. Flyttinga er ei vesentleg endring av arealbruken. Slik endring bør skje ved rullering av arealdel til kommuneplan. Slik rullering er no starta opp og flytting av område for oppdrett må koma som innspel i høyringsperioden.

Vedtaket er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

....

Gustav Folkestad sa seg ugild i saka og gjekk frå. Han har eit kundeforhold til søkjaren. Atle Fjelltveit (SV) møtte som vara og tok plass. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at Gustav Folkestad er ugild i saka.

Felles framlegg frå Frp, Sp og Høyre:

”Fusa kommune gir dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen og godkjenner søknaden om dispensasjon vedrørende flytting av oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben som det fremkommer i saksdokumentene.

Forklaring til kartutsnitt:

Fusa kommune godkjenner at areal markert som rødt skravert felt kan benyttes til oppdrett. Det gjøres oppmerksom på at dette areal er noe mindre enn det som fremkom i opprinnelig søknad.

Begrunnelse:

- For å ivareta langsiktig miljømessig bæreevne er det fornuftig å flytte anlegget ut fra nåværende posisjon som her helt inne ved land, og spesielt til hinder for friluftsliv og ut til omtalte område som fremkommer i vedlegget. Ved større dyp, og bedre

strømforhold får fisken bedre vilkår og de miljømessige påvirkningene i havmassene/havbunnen blir bedre.

- Denne nye plassering vil ikke komme til hinder for skipstrafikken som hovedsakelig går fra sør av Bjørnatrynet til Venjanaset (Frank Mohn Fusa), viser til vedlagte statistiske trafikkgrunnlag basert på Kystverkets AIS overvåkning. Farled nr 2216.
- Lyktesektoren kan etter søknad halveres for at anlegget skal havne i lyktens grønne sektor, og ny, smalere hvitsektor trygger og ivaretar sikker navigasjon for skip.
- Plassering av anlegget slik det er omsøkt, vil ikke komme i konflikt med fiskeri.”

Framlegget fekk 4 røyster, Roger Hoel (Frp), Haldor Tuft (Sp), Steinar Berland (H) og Aud-May Boge (H).

Rådmannen sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke.

UPM-053/13 VEDTAK:

Fusa kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealdel til kommuneplan for flytting av Quatro Laks AS sitt oppdrettsanlegg ved Skåtaklubben.

Flyttinga er ei vesentleg endring av arealbruken. Slik endring bør skje ved rullering av arealdel til kommuneplan. Slik rullering er no starta opp og flytting av område for oppdrett må koma som innspel i høyringsperioden.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan.

054/13: GBNR. 15/9/4, ÅDLAND: SØKNAD OM RAMMELØYVE FOR BYGGING AV TILBYGG TIL FRITIDSBUSTAD. NY HANDSAMING ETTER NABOKLAGE.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune meiner vedtak i delegert saknr. 165/12, framleis skal stå ved lag, då søknaden ikkje er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Eldre reguleringsplan for området har ikkje arealbestemmelsar og arealdel til kommuneplan gjeld framfor eldre plan. Fusa kommunestyre har lenge hatt som fast praksis at begrensingar i storleik på fritidsbygg også skal gjelda i regulerte områder. Endringar må då heller gjerast ved reguleringsendring. Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. §§ 1-8. 19-2 og 20-1 i plan-og bygningslova.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Det var synfaring i saka.

Felles framlegg frå H, Frp og Sp:

”Klage frå nabo vert ikkje teken til følgje.

Fusa kommune stadfestar vedtak i UPM sak 27/13 - 25.04.2013.”

Framlegget fekk 4 røyster, Aud-May Boge (H), Steinar Berland (H), Roger Hoel (Frp) og Haldor Tuft (Sp).

Framlegget frå rådmannen fekk 5 røyster og vart vedteke.

UPM-054/13 VEDTAK:

Fusa kommune meiner vedtak i delegert saknr. 165/12, framleis skal stå ved lag, då søknaden ikkje er i samsvar med arealdel til kommuneplan. Eldre reguleringsplan for området har ikkje arealbestemmelsar og arealdel til kommuneplan gjeld framfor eldre plan. Fusa kommunestyre har lenge hatt som fast praksis at begrensingar i storleik på fritidsbygg også skal gjelda i regulerte områder. Endringar må då heller gjerast ved reguleringsendring. Saka vert oversendt Fylkesmannen for avgjerd.

Vedtak er gjort med heimel i arealdel til kommuneplan, jfr. §§ 1-8. 19-2 og 20-1 i plan-og bygningslova.

055/13: KOMMUNEPLANENS AREALDEL - REVIDERT FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vi har sett oss ambisiøse mål om å kunna vedta rullert arealplan i 2015. Rådmannen rår til at framlegg til planprogram for arealdelen av kommuneplan for Fusa kommune vert endeleg vedteke i medhald av pbl. § 4-1. Frist for å koma med innspel vert sett til 15.12.2013.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Det vart i møtet lagt fram nytt vedlegg ”Framlegg til planprogram, Kommuneplan for Fusa 2015 - 2025 – Arealdelen” med retningsliner for ”Innspel til arealdelen til Kommuneplan for Fusa 2015 - 2025”.

Framlegg frå Steinar Berland (H):

”Forslag til endring i dokument: Innspel til arealdelen til Kommuneplan for Fusa 2015 – 2025:

- Det skal leggjast til rette for byggefelt sentralt (gang og sykkelavstand) i høve til sentrumsfunksjonar i bygdene”.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

UPM-055/13 VEDTAK:

Vi har sett oss ambisiøse mål om å kunna vedta rullert arealplan i 2015. Rådmannen rår til at framlegg til planprogram for arealdelen av kommuneplan for Fusa kommune vert endeleg vedteke i medhald av pbl. § 4-1. Frist for å koma med innspel vert sett til 15.12.2013.

Forslag til endring i dokument: Innspel til arealdelen til Kommuneplan for Fusa 2015 – 2025:

- Det skal leggjast til rette for byggefelt sentralt (gang og sykkelavstand) i høve til sentrumsfunksjonar i bygdene”.

056/13: RULLERING AV TRAFIKKSIKRINGSPLAN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune startar arbeidet med rullering av trafikksikringsplan i samsvar med kap 11 i plan og bygningslova.

Det skal etablerast prosjektgruppe med fagpersonar frå kommunen, vegvesenet og politiet i tillegg til konsulent.

Det må gjennomførast tilbodskonkurransse for val av konsulent til å utføra planarbeidet.

26.09.2013 UTVAL FOR PLAN OG MILJØ

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

UPM-056/13 VEDTAK:

.....

Fusa kommune startar arbeidet med rullering av trafikksikringsplan i samsvar med kap 11 i plan og bygningslova.

Det skal etablerast prosjektgruppe med fagpersonar frå kommunen, vegvesenet og politiet i tillegg til konsulent.

Det må gjennomførast tilbodskonkurransse for val av konsulent til å utføra planarbeidet.